

Ark.nr. 432.33

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN  
.....

J. 73/83.

FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKET MED GARN ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN  
I 1983.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene, jfr. kgl.res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl.res. av 8. september 1972 har Fiskeridepartementet fastsett 31. mai 1983 følgjande føresegner:

## § 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei line mellom Frøset-skjær lykt og Røberg lykt kan ein fiske 3.000 hl sild med garn til menneskemat.

Fiskeridirektøren kan fastsetja opnings- og sluttdato for fisket, og stanse det når kvantumet som er nemnd i første ledd er pårekna oppfiska.

## § 2

Ingen kan delta i fisket utan å vera melde på til Feitsildfiskernes Salgslag, Trondheim.

Søkjarane må stå på blad A eller B i fiskarmanntalet og nytte fiskerimerka farty.

## § 3

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse føresegnene.

Etter søknad fra Feitsildfiskernes Salgslag kan Fiskeridirektøren gje løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat.

## § 4

Forsettlege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter.

## § 5

Desse føresegnene tar til å gjelde straks.

-----